



Retningslinjer for samarbeidsutvalet i Kviteseid barnehage

Lovkrav

Lov om barnehager

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

[...]

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Samansetning av samarbeidsutvalet

To representantar frå foreldreutvalet

To representantar frå dei tilsette

Styrrar

Politisk representant

Oppretting av samarbeidsutvalet

Styrrar har ansvar for at samarbeidsutvalet blir oppretta kvar haust, innan 15. oktober. Styrrar har ansvar for at det blir vald rett tal på representantar jf. lovkrav og at det blir vald ein leiar og nestleiar. Styrrar har ansvar for at det blir gjort kjend på kommunen sine heimesider kven som er leiar og nestleiar av samarbeidsutvalet, kven som elles er medlemmer og kva for ei gruppe dei representerer.

Styrrar har ansvar for å informere om teieplikta, og å innhente underskrift frå representantane på at dei er gjort kjend med denne.

Styrrar har ansvar for at samarbeidsutvalet er gjort kjend med desse retningslinjene.

Samarbeidsutvalet skal ha minimum to møter per barnehageår, eit om hausten og eit om våren.

Dersom det er ekstraordinære saker, kan det kallast inn til ekstra møte.



Om samarbeidsutvalet sitt arbeid

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet er barnehagen sitt høgste rådgjevande organ, og har rett til å bli framlagt og uttale seg i alle saker av viktigheit som gjeld barnehagen. Døme på dette er: verksemds- og utviklingsplanar, budsjettframlegg, heim-barnehage samarbeid, trafikkforhold, brukarundersøkingar, planar for ombygging og vedlikehald og barnehagen sin informasjonsverksemd.

Samarbeidsutvalet skal haldast informerte om alt som er viktig for det psykososiale miljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med miljøtiltak.

Samarbeidsutvalet skal godkjenne barnehagen sin årsplan.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet i barnehagen.

Handsaming av saker i samarbeidsutvalet

Styrrar er sekretær for samarbeidsutvalet og har ansvar for å kalle inn til møte i samarbeidsutvalet i samarbeid med leiar, samt skrive referat frå møta. Innkalling med sakliste og naudsynte vedlegg skal sendast alle representantane seinast ei veke før møtet, gjerast kjend på kommunen sine heimesider og arkiverast i kommune sitt arkivsystem. Referat frå møta skal sendast alle representantane, gjerast kjend på kommunen sine heimesider og arkiverast i kommunen sitt arkivsystem.